



SYLTANESET BEITELAG
Rossnesvegen 144
5937 BØVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Tilsegn om tilskot til trua naturtypar 2020 - skjøtsel og vedlikehald av kystlynghei. Syltaneset i Alver

Syltaneset beitelag får tilskot til skjøtselstiltak i Alver kommune. Tilskotet på 14.100 kroner blir utbetalt når vi har mottatt rapport for gjennomført tiltak.

Vi viser til søknaden din om 14.100 kroner til skjøtsel av verdifull kystlynghei på Syltaneset.

Fylkesmannen si vurdering og vedtak

Dei tiltaka det blir søkt om tilskot til er i samsvar med skjøtelsesplan for området. Etter gjeldande satsar for skjøtsel av kystlynghei i Vestland fylke har du rett på det beløpet du søker om.

Frå denne tilskotsposten får du dermed utbetalt kr 14.100. Midlane blir overførte til kontonummeret som var oppgjeve i søknaden når vi har mottatt sluttrapport for at arbeidet er gjennomført.

Vi har avgrensa med midlar til rådvelde, og vi minner om at det og er høve til å søkje om RMP-tilskot for å skjømte kystlynghei. Om fleire gjer dette vil vi ha meir midlar til rådvelde på denne tilskotsposten.

Vi meiner at dei planlagde tiltaka berre vil ha positive verknader for naturmangfaldet, jf. krav til vurdering i naturmangfaldlova § 7, og ser difor ikkje grunn til å kommentere dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 nærare.

Krav til rapportering og rekneskapsplikt

Sluttrapport skal registrerast i elektronisk søknadssenter seinast 1. oktober 2020.

For dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal bilag takast vare på i minst 5 år etter avslutting av rekneskapsåret.

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert brukt i samsvar med føresetnadene.



Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom det er utbetalt på feilaktige premissar.

Rettt til å klage på vedtaket

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Fylkesmannen i Vestland.

Til slutt, til alle som har søkt tilskot til truga naturtypar: Endra føresetnader som følgje av koronasituasjonen

For nokon av dykk kan føresetnadene for å gjennomføre tiltak ha endra seg som følgje av koronasituasjonen. Nokon kan t.d. ha planlagt med tilreisande arbeidshjelp som no har vorte usikker eller umogleg. I slike tilfelle vil vi gjerne vite om det, slik at vi kan freiste å finne alternativ, eller – om det ikkje er mogleg – at midlane kan omdisponerast til andre tiltak det er søkt om.

Like aktuelt kan det vere at ein får betre tid og kapasitet til å gjere skjøtselstiltak på eigen gard som følgje av permittering, reisehindringar etc. Vi vil gjerne også få tilbakemelding frå dykk om udekte behov, slik at vi eventuelt kan omfordele ubrukte midlar. Dette kan vere tiltak som de allereie har søkt om, men ikkje fått innvilga, eller det kan vere skjøtselstiltak eller innkjøp som de no vurderer som aktuelle.

Med helsing

Johannes Anonby
Seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi på e-post til:

Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG